



Haugen Vva As  
Fabrikkgaten 7B  
5059 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/3634 - 18/170

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
03.01.2018

## Ferdigattest - vassleidning Kleivdal - Fammestad - gbnr 206/1 Kålås m fl

### Administrativt vedtak. Saknr: 001/18

Tiltakshavar: Lindas kommune

Ansvarleg søkjar: Haugen Vva As

Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 22.02.2017. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 28.12.2017 .

### Skildring

Adresse:	Strekninga frå Kleivdal til Fammestad
Bygningstiltak:	Hovudvassleidning i ferskvatn og på land

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for etablering av hovudvassleidning i ferskvatn og på land på strekninga frå Kleivdal til Fammestad.**

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/3634

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Lindas kommune

Kvernhusmyrane 5914  
20

ISDALSTØ

**Mottakarar:**

Haugen Vva As

Fabrikkgaten 7B 5059

BERGEN